

GRØN TOPOLOGI

Ei nylesing av Vergils hjul

Natur er eit komplekst fenomen, det er både ein fysisk storleik og ei rekkje kulturelle førestillingar (Williams 184-189). Med klimakrise er forholdet mellom natur og språk utfordra på radikalt nye måtar. I denne artikkelen skal eg studere eksempel på det eg vil kalle vestens grønne topologi, figurar som inngår i og formar klimadiskursen. Med støtte i økokritikk, retorisk tenking over topos-omgrepet og Schillers naturfilosofi undersøker eg topuset *Vergils hjul*. Målet er å presentere Vergils hjul som eit topos som samlar i seg natur og språk, drøfte det opp mot andre natur-topoi, og derigjennom eksemplifisere topologiens analytiske mogleikar.

Lesinga av Vergils hjul foregår innanfor rammene av forskingsprosjektet *Nature in Children's Literature* (NaChiLit)¹. NaChiLit har som premiss at den økologiske krisa ikkje berre er ei krise i våre fysiske omgjevnader, men også ei kulturell og sosial krise (Bergthaller et al. 262), og at eit hovudbidrag frå humaniora kan vere å utforske korleis omgrep og språk i vid tyding formar forståinga vår av natur og miljø. Sidan få førestillingar er så nært kopla saman i vestleg kultur som førestillinga om 'natur' og 'barn'


1 NaChiLit (prosjektleiart professor Nina Goga, Høgskulen på Vestlandet (HVL)) har ein eigen forskingsblogg, sjå <http://blogg.hvl.no/nachilit/>

(Lesnik-Oberstein 216), er barnelitteratur som teksttype ei rik kjelde for studiar av natur, miljø og mennesket sine relasjonar til desse.

I det barnelitterære feltet står romantikkens naturforståing sterkt. Denne romantikkens naturforståing har *Émile, ou de l'éducation* (1762) av Jean-Jacques Rousseau som eitt av sine utgangspunkt, seinare er ein natur-feirande posisjon skrive fram i Friedrich Schillers *Über naive und sentimentalische Dichtung* (1795). Ei naturforståing med særleg fokus på natur-topoi i pastoralen og idyllen er utforska og problematisert innanfor økokritikk og grøn humaniora (Garrard; Gifford).² Der spør ein mellom anna om natur i ei post-romantisk tid framleis blir forstått som sentimental og antroposentrisk. For å fange opp økokritiske problemstillingar har det nemnde prosjektet om natur i barne- og ungdomslitteratur utvikla ein analytisk matrise som tekstane kan lesast mot.³ Matrisen er utforma som eit koordinatsystem der tekstar kan diskuteras og plasseras vertikalt mellom ein feirande og problematiserande haldning til natur, og horisontalt mellom eit antroposentrisk og eit økokritisk perspektiv på natur.

I arbeidet med å utvikle den analytiske matrisen i NaChiLit har prosjektgruppa blitt merksame på nedarva tankefigurar om natur, figurar som kan kallast kulturelle *topoi*, slik vi kjenner det frå den klassiske retoriske tradisjonen. Slike topoi kan finnast på tvers av sjangrar og idehistoriske

-
- 2 Omgrepa pastoral og idyll inneheld tydingsnyansar. Pastoral er eit hyrdedikt, hyrdestykke eller ein komposisjon med ein hyrde, frå latin 'pastor', hyrde. Idyll er eit 'lite bilde', diktning som skildrar fredelege (særleg landlege) forhold, harmoniske tilstandar. Her er omgrepa brukte tilnærma synonymt, rett nok med vekslingar som vil kunne ta vare på desse nyansane.
 - 3 Figur: Natur i Kulturen Matrise (NatCul Matrix):



og filosofiske straumar. Vergils hjul er eit topos i mellomalderen, vidareutvikla frå stoff i seinantikken og den pastorale tradisjonen etter Vergil. Spørsmålet i denne artikkelen er kva natursyn som ligg implisitt i denne tankefiguren. Kan Vergils hjul som topos frå retorikkens stillære utfordre romantikkens natursyn? Kan Vergils hjul forståast i opposisjon til det naturfeirande og antroposentriske? I så fall, har Vergils hjul økokritisk potensial? Hypotesen er at Vergils hjul nyanserer og til dels utfordrar romantikkens natursyn, og gjennom det også eit rådande syn på natur i barnelitteratur.

TEORETISKE PERSPEKTIV

Artikkelen er informert av tre teoretiske horisontar; økokritisk teori, topologisk teori frå retorikk og stilistikk, og romantisk naturfilosofi. Alle desse gir perspektiv på idyllen som natur-figur og tenkemåte. Det økokritiske perspektivet motiverer studiet, det gjer grøn topologi viktig. Økokritikk er, slik Cheryll Glotfelty forklarar det i boka *The Ecocriticism Reader*, "studiet av forholdet mellom litteraturen og det fysiske miljøet" (Glotfelty xix).⁴ Noko meir presist definerer Greg Garrard økokritikk til å vere «studiet av forholdet mellom det menneskelege og det ikkje-menneskelege gjennom menneskeslektas kulturhistorie, og inneber kritisk analyse av omgrepet 'menneskeleg' i seg sjølv» (Garrard 5). Økokritiske perspektiv er retta mot litteratur, men også utover litteraturen, slik litteratur verkar i kulturen og samfunnet, gjennom eit slikt perspektiv spør ein kva påverknad ein tekst kan ha. «Økokritikk søkjer å evaluere tekstar og idéar ut frå den samanhengen og nytten dei har som svar på miljøkrisa» (Richard Kerridge, sitert etter Garrard 4). Det betyr at økokritikk impliserer bestemte leseperspektiv på tekstar, det fremmar bestemte måtar å spørre på framfor å vere ein analytisk detaljert metode. Det betyr òg at økokritikk peikar på tekstars didaktiske potensial. Økokritikk kan slik vere eit bidrag til litteraturteori, men vil vere tent med å gå i dialog med andre teoretiske tilnærmingar, til dømes som her – frå filosofi og retorikk. Vidare her i artikkelen vil eg presentere og

4 Sitat frå engelskspråkleg og tyskspråkleg tekst er omsette til nynorsk av artikkelforfattaren.

problematisere topologi som metode ved å sjå korleis idyllen som tankefigur er framstilt i to ulike forståingar av topologisk tenking – Ernst Robert Curtius sitt arbeid *European Literature and the Latin Middle Ages* frå 1953, og i Georg Johannesen sine retorikkarbeid. Og eg vil sette naturtenkinga i Vergils hjul opp mot dei nemnde tekstane av Rousseau og Schiller som uttrykk for framveksande romantisk naturfilosofi. Samla gir det bakgrunn for å drøfte Vergils hjul som eksempel på grøn topologi.

VERGILS HJUL – FRÅ TOPOS I STILISTIKKEN TIL NATURTOPOS

Vergils hjul er ei lesing av Vergils tekstar, ein verbal og visuell representasjon av samband mellom natur og språk, og må forståast som del av Vergils resepsjonshistorie. Den byggjer på lesinga av hyrdediktet *Bucolica*, lærediktet *Georgica* og eposet *Aeneiden*. Vergils hjul⁵ er delt i tre sektorar som kvar følgjer stiltivået og tematikken i kvar av Vergils tre tekstar. Kvar sektor representerer og presenterer ein stil og ein stad. Sirkelens sektorar er ulike landskap og sambanda mellom landskapa og det som lever, veks og finst på kvar av stadene – menneske, dyr, planter og reiskapar.

I sektoren som presenterer pastoralen (nede på figuren) er det utmark med beite og hamneland, der veks det bøkeskog, og hyrdingen eller gjeteren med staven sin gjeter sauene. Den andre sektoren i hjulet (til venstre i figuren) presenterer lærediktet *Georgica*, eit didaktisk dikt om landbruk, samansett av fire bøker om høvesvis åkervekster, tre og vin, store dyr og om bier, der bonden med oxen sin og ploegen dyrkar jorda. Den tredje sektoren i hjulet (til høgre i figuren) peikar på *Aeneiden*, eit episk dikt i tolv delar om vandringane og kampane til den trojanske helten Aeneas. Her er vi i eit bylandskap med laurbætre, der hærføraren rir hesten sin og svingar sverdet.

Vergils hjul er ofte nemnd i presentasjonar av retorisk tenking, men det er vanskeleg å finne lengre utgreiingar om kva den inneber av tankeformer. Det kan bety at den er ein opplagt figur – ein del av den retoriske

5 Figuren er her presentert slik den er attgjeven frå Johs. Dahles omsetting av Guirauds *Stilistikk* frå 1960.




Fig. 1. Vergils hjul. (Guiraud 15)

doxa. Og som del av doxa blir opphavet til og traderinga av Vergils hjul eit komplekst fenomen.⁶

For det første er tanken om inndeling i tre stilar eldre enn Vergils hjul. I den latinske tradisjonen er den pseudo-ciceronianske *Rhetorica ad Herennium* eller Herennius-retorikken frå ca 100 f. Kr. den eldste⁷ kjelda (Fafner 71-72). Trestil-læra finn ein også nemnt hjå Cicero, for eksempel i Orator: «Dei tre stilslaga og særleg om den rette attiske stilen» (Cicero 22-27).⁸ Men stillæra her er ikkje kopla til Vergil. Den stillæra hjulet viser til er difor eldre enn Vergil om ein berre siktar til tanken om tre stilar, men koplinga til yrke og landskap (som eksemplifisert ved dei tre verka av Vergil) er ikkje ein integrert del av denne læra. Dessutan er det vanskeleg å vite nøyaktig hjå kven og korleis sjølve hjul-figuren *Rota Vergili* – Vergils hjul – først blir forma. Både Curtius og Johannesen festar opphavet til figuren Vergils hjul til nokre førebunde merknader i Aelius Donatus sin Vergil-vita frå ca 350 e. Kr. «Systemet blei utarbeidd frå Aelius Donatus' kommentar til Vergil. [...] I mellomalderen var det kjent som 'rota Virgili'» (Curtius 201 note 35).⁹ «Systemet er laget av» Donat (Johannesen *Rhetorica Norwegica* 204). Men om figuren er på plass, er til gjengjeld koplinga til stilnivå nokså rudimentær hjå Donat. Han les Vergils tekstar inn i ei utviklingsrekke, frå det bukoliske til tekstar vokse fram frå andre slags landskap enn idyllen:

Vergil tok til med ikkje noko mindre enn verdas første virkeområde, før han gjekk vidare til andre typar poesi. For etterpå heldt han fram med dyrking av jorda, og sist av alt, i staden for godt dyrka og fruktbart land, krig. Kva Vergil tenkte å lære bort når han sang først om gjetarar, deretter om bønder, og til slutt om krigarar er difor opplagt i sjølve rekkefølga av verka hans. (Donatus punkt 57).

6 Takk til universitetslektor i filosofi og retorikk, Amund Ove Børdahl, Universitetet i Bergen for orientering om resepsjonen av Vergil (e-post 12.januar 2015 og 17.februar 2017).

7 Ifølgje Børdahl, UiB.

8 I den heilage Isidor av Sevilla (~560-636) sitt mest omfattande verk *Etymologiae*, «Etymologi» er det avsnitt om dei tre talestilane (De trimodo dicendi genere). Det er ein hovudtekst i traderinga av tanken om tre stilar. (Ifølgje Børdahl, UiB).

9 Curtius viser til Schanz' romerske litteraturhistorie (bd. IV, 1914) og seinere (Curtius 232) til Edmond Farals *Les Arts poétiques du XII^e et du XIII^e siècle* (1924).

Donat si tredeling angår altså i første omgang ein tanke om utviklingshistoria til sjangeren og yrka, og denne utviklingshistoria avspeglar seg i sjølve rekkefølga av Vergils tre verk.

Spørsmålet om når Vergils hjul for alvor blei utvikla som emblem og visuell figur, krev grundigare kjeldestudier. Truleg er hjulfiguren utvikla i høgmellomalderpoetikkar. Ifølgje Ziolkowski og Putnam er systemet meir konkret forma ut som «a memory grid» (Ziolkowski og Putnam red. 744), eit minneraster av konsentriske sirkelar som John frå Garland vidareutviklar i sin *Parisiana poetria* ca. 1240. Vergils hjul er altså ein figurativ resepsjon av Vergils tekstar, det er først og fremst ein topos i *stilistikkens* historie, og fungerer som ein måte å minnst Vergils tre stilnivå på: «*Rota Virgiliana* fungerte som eit verktøy for retorikarar og poetar som prøvde å hugse og gjenskape dei tre stilane til Vergil, samtidig som det formidla ein konsekvent identitet som låg under diktarens verk» (Laird 159).

I tillegg kjem spørsmålet om Vergils hjul er eit topos i eigen rett eller om det snarare er ein topikk. Det enkle svaret er at det er avhengig av konteksten hjulet opptrer i. Prinsipielt kan eit topos romme fleire topoi, og altså utgjere ein topikk (Nyrnes 268-272). Ein kan hevde dette med støtte i Aristoteles sin *Retorik*. Han brukar topos om allment gjeldande synspunkt i argumentasjonen (Aristoteles 41), generaliseringsnivået vil vere ulikt i ulike typar tekstar. Det gir grunnlag for å bruke omgrepet topos på ulike språklege nivå, frå detaljar, via argumentasjonsmønster, som Aristoteles særleg gjer, til tekstnivå. Ein kan også finne støtte for ein slik tankegang i stadfilosofi – topos betyr stad – der ein hevdar at det er trekk ved stadens logikk at ein stad kan romme fleire stader (Meløe). Overført til Vergils hjul kan ein sjå heile figuren som eit topos i stilistikken, samtidig er hjulet eit kart over tre stilistiske topoi, og slik eksemplifiserer det sjølve grunnprinsippa i toposlæra.

I denne samanhengen er spørsmålet korleis Vergils hjul er å forstå som topos i eit økokritisk perspektiv (Glottfelty xviii). Det kan by på særlege utfordringar å lese hjulet som eit natur-topos. Ein ting er det tidsspesifikke ved figuren. Om hjulet er forma først 1300 år etter at Vergils tekstar blei skrivne kan ein spørre kva natursyn – frå klassisk tid eller mellomalder – vi kan lese ut av figuren. Naturomgrepet i antikken framstår med svært mange ulike betydningar og nyansar i Vergils tid (Jenkyns), og relasjonen

natur - kunst er også å forstå på svært ulike måtar i antikk- og mellomalderkontekst (Tarp 88-93). Dessutan er eit topos i prinsippet også usamtidig, det kan fungere uavhengig av sjanger og tidsepoke ved at det kan samle i seg mange og til og med motstridande betydningslag. Å lese Vergils hjul som naturtopos i dag er difor å hente fram betydningslag knytt til Vergils tekstar, til mellomalderens resepsjon av desse, og til ei romantikkens naturforståing som kan ha verkande restar inn i vår post-romantiske tid (Gifford).

NATURIDYLLEN SOM TOPOS

I ein retorisk fundert grøn topologi er idyllen sentral. Idyllen som topos er ikkje minst etablert gjennom Curtius' *European Literature and the Latin Middle Ages*. Han hevdar der at «the ideal landscape» er ein av topologiens allmennstader som held saman vår nåtidige tenkemåte om natur (Curtius 183-202). Studiematerialet til Curtius er retorikkens taletekstar, både juridisk og epideiktisk tale, og poetiske tekstar frå klassisistisk tid og mellomalder, inkludert Vergils mønstertekst *Bucolica*. Dette gjer Curtius sitt arbeid sentralt for lesinga av Vergils hjul. Eit hovudpoeng hos Curtius er at landskapsskildringar er faste formuleringskonstantar, at topoi flyttar seg frå tekst til tekst og på tvers av sjangrar. Curtius set altså naturskildringar og landskapsskildringar inn i retorikkens historie. Gjengse måtar å skildre natur på blir ikkje funne opp kvar gong, idyllen har visse karakteristika på tvers av tekstar og forfattarskap og tidsepokar. Det pastorale inneheld eit sosialt mikrokosmos; naturens vennlege side med ei treklynge, ei vasskjelde eller ein bekk, frodig eng, sauver som beitar, og ein gjetar som passar på. «Trea ber gjennom heile året, for det er alltid vår, og det bles alltid vestavind» (Curtius 185). Idyllen inneheld altså ein serie natur-topoi, samla i *locus amoenus* – ein lund med ulike tre som kastar skugge, ei kjelde, dyr, planter, saftig gras som innbyr til ro og kvile, ein gjetar, fjell i bakgrunnen.¹⁰

10 Vår nåtidige førestilling om pastoralen blir også næra av biletkunsten, der *locus amoenus* blir ein fast topos i landskapsmaleriets historie frå seint 1700-talet av (Fafner 163) – *The Arcadian or Pastoral State* av Thomas Cole frå 1834 kan stå som eit døme: framfor ein taggete fjellformasjon som peikar mot vill natur finst eit harmonisk roleg vår- eller sommarlandskap med synleg spor av dyrka mark, eit landskap med innslag av båtbygging, pløying av mark, gjeting, dansing.

Curtius sine tekststudiar etablerer førestillinga om at slik er naturskildringa og idyllen som tekststad på tvers av sjangrar og tidsepokar. I Alexander Gelley sin kritikk av Curtius sin topologi og kritiske metode kallar han dette arbeidet ei konservativ tradisjonstenking med rot i tysk idealisme (Gelley 579), med ein stil som både er personleg og positivistisk, konkret og presis. Med denne lese måten vil Curtius få tak i «ein forfattars komponentar i åndeleg form» (Curtius, etter Gelley 581). Gelley kallar det også «theory of the unity», eit einheitsprinsipp som både er overpersonleg og ahistorisk, og som viser «den religiøse horisonten i Curtius si tenking» (Gelley 583). Ifølgje Gelley leitar Curtius etter basis for 'a pan-European consciousness', han vil avsløre felles europeisk tankegods lagra i den litterære tradisjonen. Topologi er for Curtius ein «ars *inveniendi*» (Curtius 394), den utgjør «a *thesaurus*» (op.cit.), eit kulturelt skattkammer. Gelley undersøker korleis Curtius argumenterer for topologi som metode: topoi er konkrete, og dei fungerer som varige, konstantar, i opposisjon til idehistoria som er flytande. Curtius legg altså vekt på topologiens konserverande side, dens materialitet, og dens filologiske basis.

Det tette sambandet mellom konkret språkleg uttrykk og landskap som Curtius viser gjennom framstillinga si av idyllen, er eit kjerneperspektiv i den retoriske tradisjonen. Naturskildringane er «eit spørsmål om litterær teknikk» (Curtius 184), vi kan seie dei er språk-styrte. Retorikken si språkforståing er topologisk, romleg, og knytt til landskapsformasjonar.

Vergils hjul framstiller meir enn idyllen. Figuren inneheld tre ulike landskapsrom: utmark, innmark og bylandskap. Den retoriske tradisjonen vektlegg nettopp *varierte* kulturskapte landskapsrom, til dømes blir det retoriske landskapet ofte framstilt som eit stort og variert hageanlegg (Andersen 2). Tanken er at språket finst der før oss, det finst der som eit landskap eller ein hage ein må kunne orientere seg i for å kunne ta seg fram i på høvelege måtar. Retorikkprofessor Johannesen legg vekt på dette varierte når han revitaliserer retorikk som vitendisiplin i norsk høgare utdanning frå 1980-talet av. Han omtaler som nemt Vergils hjul i *Rhetorica Norvegica*, der han har gitt det eit eige sideoppslag (Johannesen *Rhetorica* 204). Framstillinga byggjer på Pierre Guiraud sin *Stilistikk* (Guiraud 14-16), med overskrifta «Tre slags stil». Vi ser at Johannesen har eit vidare politisk og ideologisk sikte med si topos-forståing, han har peikarar til Vergils

hjul både når han forklarer ei språkleg landskapsforståing og ei språkleg samfunnsforståing (Johannesen, «Retorikkens sosiologi» 54). Ein kan seie han les Vergils hjul som ein figur for ein totalretorikk, ei samfunnslære. Topologien styrer tankemønster, frigjering handlar om å få auga på kulturrens topoi for å kunne lese desse kritisk og utfordre dei mønster som der ligg. Ifølgje Johannesen er språket «et større subjekt enn oss selv, som styrer oss og vår språkbruk» (Johannesen, *Moralske tekster* 68), framstillinga hans av retorikk som tenkemåte skjer i form av slike og tilsvarende påstandar heller enn grundig utfalda resonnement. Der Curtius samlar og sameinar for å konservere, vil Johannesen nyansere og spissformulere for å frigjere. Det er i dette grunnperspektivet vi kan forstå Johannesens interesse for variantar i Vergils hjul. Til dømes får lågstil fram ei anna atmosfære enn mellom- og høgstil: «Stilen er lav, humilis, ydmyk» (Johannesen, *Rhetorica* 204). Les ein Vergils hjul ut frå Johannesens topologiperspektiv kan ein sjå at toposet blir meir nyansert og rikare som figur for forholdet menneske – natur – uttrykksformer. Før eg drøftar det meir grundig er spørsmålet her vidare korleis ein eigentleg kan lese Vergils hjul i ei post-romantisk tid. Vil nyansane i hjulet kunne romme eit økokritisk potensial som kan utfordre og dekonstruere ei dominerande idyllisk-romantisk naturførestilling? For å svare på det må vi sirkle inn kva eit romantisk syn på natur er.

ROUSSEAUS OG SCHILLERS NATUR

Rousseaus *Émile* er ein nøkkeltokst når det gjeld å forme førestillinga om barnets natur (Løvlie). Men sjølv om ein må rekne Rousseau sitt prosjekt som eit opplysningsprosjekt, der det gjeld om å utvikle og foredle menneskets fornuft, er det nettopp synet på natur i og omkring barnet som gjer at Wählberg karakteriserer Rousseau som *opplysningens sorte får* (Wählberg). I Rousseau sitt fornuft-prosjekt er det naturen som gir dei beste rammevilkåra for menneskets oppseding, og det er grunnlag for å hevde at med *Émile* blir toposet barn – natur etablert for alvor, eit topos som lever på tvers av fagfelt som filosofi, pedagogikk, barnelitteratur, og på tvers av tidsepokar. Premissen i den rousseauske oppsedinga er at «[n]aturen vil at barn skal være barn før de blir voksne» (Rousseau 87). Barnet må først utvikle ein sanseleg fornuft før det kan utvikle intellektuell fornuft – «våre

sanser er det første instrumentet for vår viten» (op.cit. 313). For å få til det må oppseding skje i eit skjermma landskap: «Bygg i god tid en innhegning omkring ditt barns sjel» (op.cit. 18). Men ein kan spørre kva landskapsbilde det er Rousseau formar. Er det snakk om ein bestemt topografi, eit bestemt syn på kva natur er? Svaret Rousseau gir er indirekte. Émile bør vekse opp» i en tilbaketrukket tilværelse» (op.cit. 108). Konkret betyr det å bu på landet: «Hold dem borte fra de store byene [...] Før dem tilbake til deres første bosted, der et enkelt landsens liv lar deres alders lidenskaper formes mindre raskt» (op.cit. 278). «Vi blir rørt av noen samfunnsklassers gode liv, for eksempel landlivet og hyrdelivet» (op.cit. 268). Rousseau peikar her både til to av natur-felta i Vergils hjul, landlivet og hyrdelivet, *Georgica* og *Bucolica*. På den eine sida gjeld det for barnet å få eit visst begrep om *jordbruk*: «Ikke før har det sett hvordan en have pløyes, frøene blir sådd og grønnsakene gror, så ønsker det å dyrke jorden selv. [...] Ved å plante en bønne tar han jordstykket i sin besittelse» (op.cit. 98). Samtidig er den ideelle undervisningsstaden *pastoral*: «La oss finne et tidspunkt og et sted hvor vi kan føre denne samtalen i fred og ro. [...] Han førte meg ut av byen og opp på en høyde der elven Po passerte nedenfor oss. Vi så dens løp mellom de fruktbare breddene den gir sitt vann til. I det fjerne kronet den uendelige alpekjeden landskapet; strålene fra morgensolen streifet allerede slettene og lot skråninger, trær og hus kaste lange skygger henover markene» (op.cit. 326). Den pastorale staden gjeld også huset og rommet som idyll: «Når det gjelder Émile som jeg oppdrar på landet, skal hans rom være likt en bondegutts» (op.cit. 91). Landskapet er ei innhegning, ein temma natur. Det kan hevdast at Rousseau med Émile skaper eit landskapsbilde som samtidig er eit kulturkritisk program, der landet og naturen tener som kontrast til eit forfengeleg og hyklerisk borgarleg byliv (Løvlie 6).

Rousseaus Émile etablerer altså førestillinga om det pastorale landskapet som den ideelle undervisningsstaden, og koplar med det barn og natur – både som idyll og som jordbruksland. Men det er ikkje ein tilbake-til-naturen-tanke, heller ein midlertidig ut-på-landet-tanke. Innhegninga er midlertidig innanfor eit livsløp, det er ein stad å vere og verke før fornuften blir aktivisert i vaksen alder i byen. Og Émile skal møte naturen direkte med kroppen, ikkje via eit sanseleg språk, til dømes gjennom litteratur. «Emile skal aldri lære noe utenat, ikke engang fabler, selv ikke La

Fontaine» (Rousseau 118). «Bruk ikke malende eller retorisk språk, ikke bilder eller poesi. [...] Fortsett med å være klar, enkel og kjølig» (op.cit. 195). Dette er eitt av paradoksa i Rousseau sin tekst – *Émile*, som sjølv har romanform, lar hovudpersonen tydeleg uttale: «Jeg hater bøker» (op.cit. 215). Unntaket er *Robinson Crusoe*, ein ikkje uvesentleg roman i naturforståingsperspektiv.

Dette tette sambandet mellom barn og natur, særleg det pastorale, som Rousseau utviklar, blir ein del av romantikkens naturforståing (Møller). Når pastoralen som kunstnarisk form i litteratur og bildekunst blir revitalisert under romantikken, blir rekkja av natur-topoi i *locus amoenus* levande topoi, det vil seie verkande, førestillingsproduserande figurar (Garrard 37-65). Men medan Rousseau oppfordrar til ikkje å bruke bilde eller poesi, men heller gå rein natur i møte direkte, utforskar og problematiserer Schiller relasjonen natur – estetikk. I essayet *Über naive und sentimentalische Dichtung* hevdar han at moderne framstillingar av natur ikkje er naive, sakleg observerande, dei er det han kallar sentimentale. Språket er skilt frå naturen, og kan aldri fange det naive, men vil alltid vere i eit idealistisk forhold til denne. Litteratur er altså ein avstand frå natur, utan direkte tilgang. Denne avstanden mellom verda og språket kan bearbeidast på to måtar, ifølgje Schiller, anten ved kritisk distanse – satire, eller ved å sørge over eller fryde seg over å skape eit bilde av naturen – gjennom elegi eller idyll. Det Schiller framstiller som eit forfall frå klassisk dikting, betyr at tekstar ikkje kan ha eit realistisk, objektivt forhold til element i verden: «Det er ikkje desse objekta, det er ein idé representert ved dei som vi elsker i dei (Schiller 4).¹¹ Schiller hevdar at ein naiv tenkemåte rett nok kan leve mellom «barn og menneske med barnleg disposisjon» (op.cit. 13), men at dette høyrer heime i ei forgangen verd.¹² Naturen er for oss «forsvunne frå det menneskelege», vi er ikkje lenger i samsvar med naturen, snarare er vi i opposisjon til denne (op.cit. 23).¹³ Naturperspektiva er blitt gjennom-antroposentriske.

11 Es sind nicht diese Gegenstände, es ist eine durch sie dargestellte Idee, was wir in ihnen lieben.

12 ... nur Kindern und kindlich gesinnten Menschen zukommen.

13 Die natur bei uns aus der Menschheit verschwunden ist [...] Nicht unsere größere *Naturmäßigkeit*, ganz im Gegenteil die *Naturwidrigkeit* unsrer Verhältnisse.

Schiller drøftar idyllen i eit eige avsnitt (Schiller 66-71), der han plasserer den nest i sitt hierarki av sentimentale former, etter satiren og elegien. «Den poetiske framstillinga av uskuldig og lykkeleg menneskeheit er den generelle intensjonen med denne type skriving» (op.cit. 67).¹⁴ Ifølgje Schiller er ein slik uskuld og lykke inkompatibel med samfunnsutvikling og utdanning, difor er idyllen fjerna frå borgarleg liv og plassert i ein enkel pastoral tilstand, den er tilkjent ein stad «før starten av kulturen i barnets alder av menneskeheita» (ibid.).¹⁵ Rett nok vil alle ha erfaringar som knyttar dei til idealet idyllen tar opp, men utfordringa er at slike pastorale idyllar «plasserer bak oss målet som dei bør leie oss mot og med det berre kan inspirere i oss den triste kjensla av tap, ikkje den muntre kjensla av håp» (op.cit. 69).¹⁶ Idyllen «kan ikkje live opp, berre roe» (ibid.).

Ut frå dette kan vi hevde at Rousseau og Schiller representerer to noko ulike stader og perspektiv å drøfte ei naturforståing frå. Rousseau prøver å møte naturen direkte, han flyttar Émile ut i eit landskap og etablerer barnet der i ei idyllisk, naturfeirande ramme, men også ei ramme av landbrukserfaringar. I Schillers perspektiv er Rousseau sitt prosjekt middelmådig: «Han føretrekkjer ikkje å la kunsten ta til i det heile tatt heller enn å vente på det perfekte, stutt sagt føretrekkjer han å sette målet sitt lågare og redusere det ideelle for å nå det heile raskare og enda meir trygt» (Schiller 49).¹⁷ Sjølv etablerer Schiller idyllen nest i hierarkiet av estetiske former, som ei truskuldig og tilbakeskodande form, utan poetisk rørsle og kraft.

Spørsmålet vidare i denne artikkelen er korleis den retoriske tankefiguren Vergils hjul er å forstå opp mot ei romantisk naturforståing, der idyllen dominerer. Kan Vergils hjul problematisere det naturfeirande og antroposentriske, og derigjennom romme eit økokritisk potensial?

14 Die poetische Darstellung unschuldiger und glücklicher Menschheit ist der allgemeine Begriff dieser Dichtungsart.

15 Vor dem Anfange der Kultur in dem kindlichen Alter der Menschheit angewiesen.

16 Sie stellen unglücklicherweise das Ziel *hinter* uns, dem sie uns doch *entgegenführen* sollten, und können uns daher bloß das traurige Gefühl einesverlustes, nicht das fröhliche der Hoffnung einflößen.

17 Daß er das Ziel lieber niedriger steckt und das Ideal lieber herabsetzt, um es nur desto schneller, um es nur desto sicherer zu erreichen.

VERGILS HJUL I EIT ØKOKRITISK PERSPEKTIV

Hovudtoposet i vår tids tenking om natur er motsetninga natur – kultur, ei motsetning så innarbeidd at ho blir sett på som sjølvst. Også difor er natur – kultur det toposet som blir utfordra i økokritisk tenking. Naturen er blitt objektivert, og klart skild frå kulturens framstillingar av denne, mennesket er det suverene kulturvesenet som kan stå utanfor og samtidig styre over naturen og gjere den til sin. I dette ligg også retorikkens naturparadoks: Den retoriske tenkinga fremmar eit syn på mennesket som suverent språk- og kulturvesen. Samtidig er det gjennom retorisk arbeid ein kan få auga på kva figurar som inngår i og formar klimadiskursen, og som difor utfordrar oss i eit økokritisk perspektiv: «Tekstar gjentar etablerte miljø-protokollar, men ved å gjere det utset dei desse også for granskinga vår og gjer det mogleg for oss å førestille seg alternativ» (Bergthaller m.fl. 262).

Idyllen, med si samling av naturtopoi i eit locus amoenus, er nettopp ei slik sterk, kulturskapt førestilling om natur. Pastoralen er da også eit utfordrande og mykje diskutert tema i økokritisk fagdebatt (Gifford), særleg korleis resepsjonen og transformasjonen av det pastorale verkar inn i nåtidige naturskildringar. Ein kan hevde at økokritikken startar i det pastorale, med Rachel Carsons *Silent Spring* frå 1962 (Carson), ein rural idyll med menneske og natur i harmoni. Men idyllen er også ein verkande tankefigur. Spørsmålet blir reist – i tråd med Schiller – om pastoralen er «sterkt knytt til forelda modellar av harmoni og balanse» (Garrard 65). Eller om «pastoralen er ein type kulturelt utstyr som vestleg tenking i meir enn to årtusen har vore ute av stand til å klare seg utan» (Laurence Buell, etter Gifford 17).

Kan vi argumentere for at Vergils hjul utfordrar den enkle idyll-figuren? Hjulet har ikkje noko innside – utside natur eller kultur. Med hjulet er ein alltid i eit kulturelt perspektiv på naturen, aldri i naturen i seg sjølv. Slik sett er Vergils hjul meir i tråd med Schillers kulturskapte distanse til naturen enn Rousseau sitt ut-i-naturen-perspektiv. Samtidig er Vergils hjul meir enn det pastorale, opp mot eit anten-eller representerer hjulet ei triangulering, der ulike landskapsformer er ulike loci – stader. Hjulet presenterer ulike slag naturrepresentasjonar, framstilt i tre ulike språklege former – Vergils tre tekstar. I kvar av tekstane er ulike aspekt ved naturen til stades parallelt. Vi kan kanskje påstå at førestillinga om samfunnet

gjennom Vergils hjul er direkte knytt til naturforståinga og til språket, og representerte ein slags humangeografi frå klassisk tid. Og måten å forstå natur på er sentral i det å forstå samfunnet, ein kunne resonnerer direkte frå naturforståing til samfunnsforståing. Ein kan difor seie at dei tre sektorane i Vergils hjul er ein natur- og samfunnsanalyse i kortform.

Spørsmålet er kva perspektiv det kan gi til vår tids naturforståing. Dei tre sektorane i Vergils hjul framhevar ein retorisk grunntanke – at levevilkår og språkbruk er *situerte* storleikar. Der er samband mellom mennesket, natur og topografi, og samband mellom mennesket, natur og språkleg landskap eller topologi. Kva slag landskap er det så snakk om? Idyllen er berre ein av dei tre stadene. Til dømes er *Georgica*, som handlar om landbruk, og som vi såg peikar til i Rousseaus *Émile*, samansett av fire bøker om høvesvis åkervekster, tre og vin, store dyr og om bier, der bonden med oxen sin og ploegen dyrkar jorda på måtar vi i dag ville kalle bærekraftige. Dette er før sakprosa og vitskaplege former, lærediktet er altså den tids måte å formidle ein type kunnskap på. Likevel viser dikta til Vergil menneskets relasjon til landbruket og vidare til verda, om å utnytte jorda og gjennom det utvikle samfunnet (Olwig 22f).

Og idyllen er ikkje rein idyll, det er ikkje ei villmark, det er ein stad som inkorporerer ei rekkje relasjonar til anna og andre: dyr, planter, reiskap, landskapsform, menneske. Slik er det også med dei to andre sektorane, også der er mennesket, det vil seie bonden og hærføraren, inne i landskap med fleire element: dyr og planter og ein tilpassa teknologi. Det er altså ikkje mennesket mot naturen, eller mennesket overfor naturen, men mennesket i eit differensiert landskap, der dyr og planter er gitt sjølvstendige og likeverdige plasseringar. Dei tre sektorane er kvar på sin måte framstilte som organiske samanhengar, der bøken i beitemarka, frukttreet i marka og laurbærtreet i byen syner fram dei ulike landskapsformene sin proveniens; stadens vekstvilkår. Det kan difor hevdast at Vergils hjul ikkje ber fram eit sentimentalt og patosfylt naturomgrep med naturen som symbol, i staden er det tydeleg før-romantisk, med eit brukarperspektiv. Her er enkel teknologi, stav, plog og sverd, techne tilpassa landskapsformene. Teknologien er lokal, i ein menneskeleg skala, ikkje altomfattande. Og spørsmålet er om ikkje dette er ein annan måte å forstå natur på enn den Rousseau syner fram i *Émile*: «Et barn som bor på landet, vil få et visst begrep om jordbruk

[...] Ved å plante en bønne tar han jordstykket i sin besittelse» (Rousseau 98). Eller så kan ein hevde at Rousseau nettopp i sitatet over viser fram ei før-romantisk, praktisk festa naturforståing, sjølv om den i ettertid er sett frå, og tenkt i forhold til eit kulturelt byliv.

Men der er også andre ting å merke seg ved naturførestillinga i Vergils hjul. Landskapet er nettopp det – ulike innlands-landskap – ikkje sjø eller hav. Hjulet er slik i tråd med Vergils tekstar. Richard Jenkyns hevdar i sin studie av naturomgrepet hjå Vergil at han «ikkje i det heile tatt utnyttar romantikken ved havet. [...] Vi kan seie at dei homeriske epos var barn av Egeerhavet, Vergil var barn av innlandet» (Jenkyns 18).¹⁸ Jenkyns forklarar denne innlandsfokuseringa med at «det ikkje var lett å tenke seg at havet var kjenslevart for høgt mangfald og eigenart i naturen» (ibid.). Derimot namngir Vergil elver – Tiber, Mincius og Eridanus – dei er «blanding av endring og kontinuitet, for dei er gamle og udødelege og likevel 'du kan ikkje gå inn i den same elva to gonger'. Dei er ein del av landet, og enno ikkje ein del av landet» (ibid.). Ifølgje den same Jenkyns blir natur i antikken skildra som fysisk natur, deskriptivt, og natur er samtidig kultivert, ikkje villniss, ikkje vill og rå. Natur er reell natur, ikkje metafor eller allegori for noko anna.

Vergils hjul plasserer mennesket inn i eit større system. Det ser ut som om mennesket er eitt blant fleire kryp, det har ingen suverene posisjon. Likevel er der spor av samfunnsstruktur i hjulet, personnamna er sosialgeografiske, Hector og Ajax er ei anna samfunnsmessig plassering enn Tityrus og Meliboeus. «Ringane viser kva for eit sosialt plan som svarar til kvart av dei tre stilsлага, med dei namn, dyr, reiskapar, bustader og plantar som høver saman med dei» (Guiraud 14). Denne måten å framstille samfunnslære på, med Vergils hjul som bakgrunnsreferanse, nyttar Johannesen til dømes i «Sosiologiens retorikk og retorikkens sosiologi», der han kallar Vergils hjul «retorikkens samfunnslære» (Johannesen, «Retorikkens sosiologi» 54). Også Jenkyns les eit samfunnsperspektiv inn i Vergils tekstar, han spør om Vergils «samanbinding av idéar om historie, jord og landskap kan vere eit svar på kjensla hans av einsemda som trugar menneske» (Jenkyns

18 »Grøn topologi», tittelen på denne artikkelen, er også fargemetaforisk knytt til innlandet, ikkje til havet. At grønfarga er økokritikkens farge underkommuniserer miljøutfordringar i hav og vatn og luft.

17). Forstått slik kan ein lese ei audmjuk haldning til natur og landskap og menneskets posisjon i Vergils hjul.

Ein kan spørre om hjulet som topos er ein statisk struktur, og om det syner fram eit hierarki mellom landskapsformer. Shipley er i tråd med Donat når han hevdar at Vergil formar tekstane sine som «ein naturleg progresjon frå ein audmjuk til den største av sjangrar, noko som symboliserer utviklingsstadiar av samfunnet: det pastorale, landbrukssamfunnet, krigarsamfunnet og det urbane» (Shipley m.fl. 931). Også Laird hevdar at dei biografiske sidene ved Vergils tekstar i mellomalderen var sett på som eit hierarki fundert i tingas natur – eit hierarki både av poetiske sjangrar og stilartar, men også av sosial rang – frå gjetar til bonde til soldat – og landskapsformer. Samtidig hevdar Laird at «den sirkulære forma hjulet har ikkje kunne plassere *Bucolica*, *Georgica* og *Aeneiden* inn i ein tidsmessig lineær sekvens» (Laird 159). Til hjulet som tekstsepsjon 1200 år seinare kan det altså hevdast at dei tre sektorane i hjulet – utmark, innmark og bylandskap – ikkje framstiller eit hierarki, men ulike stader som på eigne premiss sameksisterer i landskapet og i språket. Stader som er like viktige og avgjerande for at hjulet skal vere rundt. Vergils hjul uttrykkjer altså at mennesket er i naturen med lokal respekt heller enn med ein overordna global posisjon. På den andre sida seier hjulet også at ikkje nokon posisjon i naturen eller landskapet er kulturfri.

Hjulet er i det heile ein interessant figur. Det rullar rundt og syner noko tilbakevendande. Laird ser hjulet som ein synekdoke for kjerre, han peikar på den språklege samanhengen mellom hjul, kjerre (lat. *carrus*), kjerreveg (*carriage road*), kome seg fram, karriere (lat. *carriera*), progresjon, og han meiner den første bruken av «karriere» var «i samband med litteraturprofesjonen» (Laird 138). I Vergils hjul er natur omringa av språk. Ein kan spørre kva som er viktigast i eit hjul – sentrum eller periferi? Svaret er at dei er like viktige for at eit hjul skal vere eit hjul. På den måten er natur, landskap, kultur og språk vove saman. Og vidare er natur ikkje bakgrunnen for menneskeleg aktivitet, snarare er det grunnen å handle ut frå. I Vergils hjul er ikkje mennesket gitt ein herskande posisjon, i staden må han lese, forstå og kommunisere med naturen på naturens eigne premissar. Landskapet fordrar nyanserte, varierte og sensible handlingar. Denne måten å lese og forstå landskapet på er eit spørsmål om å bruke varierte språk og

velje ulike stilartar. Kvar stil har sin stad eller lokalitet, topografien seier kva stil som er høveleg. I Vergils hjul ligg altså ei forståing av at det å uttrykkje seg om naturen krev nyanserte språkformer.

Så langt kan ein difor hevde at Vergils hjul inneheld element som gir grunnlag for ei meir nyansert naturforståing enn det som ligg i den enkle natur – kultur-motsetninga. Hjulet framstiller ein gjensidig relasjon mellom menneske og natur, ein relasjon av balanse og harmoni. Mennesket er avstemt til ulike slag landskap med ein techne som er tilpassa oppgåvene. Mennesket er heller ikkje eine-ståande i landskapet, det deler stadene med dyr og planter. Men spørsmålet står like fullt ved lag om Vergils hjul verkeleg kan utfordre romantikkens natursyn. Kan vi med Schillers omgrep kalle natursynet i Vergils hjul for usentimentalt? Kan Vergils hjul forståast som eit alternativ til det naturfeirande og antroposentriske? I så fall, har Vergils hjul økokritisk potensial i post-romantisk forstand?

Den største utfordringa i eit økokritisk perspektiv vil vere figuren sin idealiserte balanse, harmoni og statiske naturoppfatning. Der er ulike stader, men desse stadene finst uavhengig av kvarandre, eller heller, i ein harmonisk og likevektig relasjon til kvarandre. Landskapa representerer ulike stadier i teknologisk utvikling, men dei ulike formene er ikkje truande for kvarandre, dei er framstilte som harmoniske økosamanhengar. Naturen blir ikkje feira, heller brukt, men den blir heller ikkje problematisert.

Det likevektige og harmoniske overskyggar òg kva natur figuren ikkje uttalar seg om: hav og himmel og eit usynleg mikroklima. I Vergils hjul er landskapa presentert i menneskeleg skala. Det er ikkje rom for det kjempestore, det globale. Figuren syner heller ikkje det bittevesle perspektivet, naturens mikroorganismer. Og figuren rommar heller ikkje uro mellom planter, dyr og menneske, relasjonane mellom organismer, dyr og menneske er 'natur-gitt', det vil seie styrt på naturleg vis av hyrdingen, bonden og hærføraren. Figuren presenterer mennesket som del av naturen og i harmoni med denne, og slik kan det hevdast at hjulet ikkje bryt avgjerande med Schillers karakteristikk av idyllen som form: «Den generelle intensjonen med den type skriving er poetisk representasjon av uskuldige og lykkelege menneske» (Schiller 61). Når ein i Vergils hjul ser eit økologisk samverke mellom menneske, dyr og planter tåkelegg det at mennesket i vår tid har ein herskande posisjon. Mennesket er ikkje økosentrisk orientert, men heller

antroposentrisk, det set seg sjølv først og over anna liv. Det siste poenget har å gjere med *techne*, teknologien. I Vergils hjul er teknologien utvikla ut frå stadens behov, og tilpassa denne. Med ny teknologi med global rekkevidde er vi inne i ein posthuman tidsepoke, der *techne* blir forstått som «medviten skaping av identitet, verd og samfunn» (Boellstorff). Utvikling innanfor bio- og nanoteknologi og kunstig intelligens fordrar ei radikal gjennomtenking både av det menneskelege subjektet og av naturomgrepet.

Hjulet representerer noko evig gjentakande, altså er der ikkje rom for det som skaper radikale endringar og ubalanse mellom stadene og livsformene over tid. Dynamikken i figuren er syklisk, der er ikkje noko som øydelegg den store økologiske runddans. Forstått slik kan ikkje Vergils hjul reelt utfordre ei idealistisk-romantisk naturtenking bygd på antroposentriske premissar.

TOPOLOGIENS DYNAMIKK

I denne artikkelen har eg lese Vergils hjul, eit topos i stilistikken, inn i ei samtid med globaliserte antroposcene utfordringar (Castree). Vergils hjul har synt seg som eit meir nyansert og komplekst topos i eit økokritisk perspektiv enn det toposet som er dominerande i vår tenkemåte om natur, dikotomien natur – kultur. Likevel kan ikkje Vergils hjul verkeleg overskride ei grunnleggande idyllisert framstilling av mennesket i harmoni med naturen.

Men eg vil samtidig hevde at Vergils hjul utfordrar vår tids grønne topologi. Medvit om natur og klimautfordringar blir påverka av møte med ulike representasjonar av natur, og tekstars rolle kan også i dag vere avgjerande for å endre tankeformer. Dette er ikkje minst viktig i barnelitteraturfeltet, der sambandet mellom 'barn' og 'natur' ofte fremmar eit idyllisk heile. Peter Mortensen hevdar at litteratur «kreativt kan oppfordre oss til å gå frå ein avgrensa 'antroposentrisk' til ein meir 'biosentrisk' tenkemåte» (Mortensen 285). For å gjere det må ein utfordre spørremåtar og figurar, og aktivt gå i dialog med kulturens topologi fordi ein erkjenner topologiens didaktiske funksjon (Nyrnes). Å lese *Vergils hjul* er nettopp med på å skjerpe medvitet om kva topoi vi er styrte av i dag i møte med vår tids økologiske utfordringar. Det er eit post-pastoralt perspektiv: «Det post-pastorale transenderer

ikkje så mykje vanskane med det pastorale, men utforskar desse» (Gifford 28). Når det er viktig, er det fordi topoi er «meningsskapare» (Söderberg), dei er forenklande, produktive tankeklaser, usamtidige restar av språk som styrer både spørsmålsstillingar og argumentasjon. Vergils hjul er difor ingen omveg i klimadiskursen.

Aslaug Nyrnes, professor, dr.art. ved Senter for kunsthøgskulen, kultur og kommunikasjon. Høgskulen på Vestlandet (HVL), og professor II ved Fakultet for kunst, musikk og design, Universitetet i Bergen (UiB). Frå 2010-2015 styreleiar i Program for kunstnerisk utviklingsarbeid, Norge. Siste publikasjon: «Hulls ad infinitum». *Bård Breivik – Sculpture. Score for a Longer Conversation*. Jorunn Veiteberg og Rita Leppiniemi (red.). Arnoldsche 2016.

GREEN TOPOLOGY

A rereading of *Virgil's wheel*

Nature is a complex phenomenon; it is both a physical object and a variety of cultural imaginations and representations. The current climate crises challenge the relationship between nature and language in radically new ways. This article examines an example of what we can call the green topology, figures that are part of, and shape the climate course. *Virgil's wheel* is a topos from the Middle Age, traced back to the pastoral tradition of Virgil, presenting specific connections between literary style and topography. The question in this article is what perspective on nature is implicit in this thought figure. Do *Virgil's wheel* as a topos challenge the dominant view on nature from the Romantic period? Can we understand *Vergil's wheel* in opposition to an anthropocentric world-view? If so, does *Vergil's wheel* have ecocritical potential? The article draws on perspectives from ecocritical theory, rhetorical topological theory and Schiller's philosophy on nature and the sentimental.

KEYWORDS

NO: topologi, pastoral, Vergils hjul, økokritikk, retorikk, NaChiLit

EN: topology, pastoral, Virgil's wheel, ecocritics, rhetoric, NaChiLit

LITTERATUR

- Andersen, Øivind. *I retorikkens hage*. Oslo: Universitetsforlaget, 1995.
- Aristoteles. *Retorik*. Oversat med introduktion af Thure Hastrup. København: Museum Tusulanums Forlag, 1991.
- Bergthaller, Hannes, Rob Emmett, Adeline Johns-Putra, Agnes Kneitz, Susanna Lidström, Shane McCorristine, Isabel Pérez-Ramos, Dana Phillips, Kate Rigby og Libby Robbin. «Mapping Common Ground: Ecocriticism, Environmental History, and the Environmental Humanities». *Environmental Humanities* 5 (2014): 261-276.
- Boellstorff, Tom. *Coming of Age in Second Life: An Anthropologist Explores the Virtually Human*. Princeton: Princeton University Press, 2008.
- Carson, Rachel. *Silent Spring*. (First Mariner Books Edition.) Boston / New York: Mariner Books, 2002.
- Castree, Noel. «The Anthropocene and the Environmental Humanities: Extending the Conversation». *Environmental Humanities* (2014): 233-260.
- Cicero, Marcus Tullius. *Retorikk og filosofi. Eit brev til Brutus. Samtaler om filosofi*. Omsetjing og merknader ved Hermund Slaattelid. Oslo: Samlaget, 1995.
- Curtius, Ernst Robert. «The Ideal Landscape». *European Literature and the Latin Middle Ages*. Omsett frå tysk av Willard R. Trask. Bollingen series XXXVI, Princeton and Oxford: Princeton University Press, 2013. 183-202.
- Donatus, Aelius. <http://virgil.org/vitae/>, punkt 57 (15.09.2016).
- Fafner, Jørgen. *Tanke og tale. Den retoriske tradition i Vesteuropa*. København: C.A.Reitzels Forlag, 1982.
- Garrard, Greg. *Ecocriticism*. (Second edition.) London and New York: Routledge, 2012.
- Gelley, Alexander. «Ernst Robert Curtius: Topology and Critical Method». *MLN*. Vol. 81 No. 5 General Issue (1966): 579-594.
- Gifford, Terry. «Pastoral, Anti-Pastoral, and Post-Pastoral». *The Cambridge Companion to Literature and the environment*. Red. Louise Westling. Cambridge: Cambridge University Press, 2014. 17-30.
- Glotfelty, Cheryll og Harold Fromm. *The Ecocriticism Reader: Landmarks in Literary Ecology*. London: University of Georgia Press, 1996.
- Guiraud, Pierre. *Stilistikk*. Omsett og tilrettelagd av Johs. A. Dale. Oslo: Samlaget, 1960.
- Jenkyns, Richard. *Virgil's Experience. Nature and History: Times, Names, and Places*. Oxford: Clarendon Press, 1998.
- Johannesen, Georg. *Rhetorica Norvegica*. Oslo: Cappelen, 1998.
- Johannesen, Georg. «Retorikkens sosiologi og sosiologiens retorikk». *Sosiologi i dag*. (Trykt første gong 1/1986) Årgang 40 Nr. 3. (2010): 50-68.
- Johannesen, Georg. *Moralske tekster*. Oslo: Cappelen, 1994.
- Laird, Andrew. «Re-inventing Virgil's Wheel: the poet and his work from Dante to Petrarch». *Classical Literary Careers and their Reception*. Red. Philip Hardie og Helen Moore. Cambridge: Cambridge University Press, 2010. 138-159.
- Lesnik-Oberstein, K. «Children's literature and the environment». *Writing the Environment. Ecocriticism and Literature*. Red. R. Kerridge & N. Sammells. London & New York: Zed Books Ltd, 1998. 208-217.

- Løvlie, Lars. «Rousseau i våre hjerter». *Studier i Pedagogisk Filosofi*. Årgang 2. Nr. 1 1-20 (2013).
- Meløe, Jakob. «Steder». *Hammarn*. 3 6-13 (1995).
- Mortensen, Peter. «Natur». *Litteratur. Introduktion til teori og analyse*. Red. Kjældgaard, Lasse Horne, Lis Møller, Dan Ringgaard, Lilian M. Røsing, Peter Simonsen og Mads Rosendahl Thomsen. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2013. 279-290.
- Møller, Lis. *Erindringens poetik*. XXXX. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2011.
- NaChiLit forskarblogg: <http://blogg.hvl.no/nachilit/>
- Nyrnes, Aslaug. *Det didaktiske rommet. Didaktisk topologi i Ludvig Holbergs Moralske Tanker*. Avhandling dr.art. Universitetet i Bergen, 2002.
- Olwig, Kenneth. *Hedens natur. Om natursyn og naturanvendelse gennem tiderne*. Omsett av Jens Peter Hovelsø. København: Teknisk Forlag A/S, 1986.
- Rousseau, Jean-Jacques. *Emile. Eller Om oppdragelse*. Oslo: Vidarforlaget, 2010.
- Schiller, Friedrich. *Über naive und sentimentalische Dichtung. 1795*. Mit einem Nachwort und register von Johannes Beer. (Der Text folgt: Schillers Sämtliche Werke. Säkular-Ausgabe. Zwölfter band. Herausgegeben von Oskar Walzel. Stuttgart/Berlin: J.G. Cotta, 1905.) Philipp Reclam jun. GmbH & Co. Stuttgart, 1989.
- Shipley, Graham, John Vanderspoel, David Mattingly og Lin Foxhall (red.). *The Cambridge Dictionary of Classical Civilization*. Cambridge: Cambridge University Press, 2006.
- Söderberg, Maria Wolrath. *Topos som meningsskapare. Retorikens topiska perspektiv på tänkande och lärande genom argumentation*. Ödokra, Sverige: Retorikförlaget, 2012.
- Tarp, Lisbet. *Naturlig kunst - kunstig natur: Om hybriditet og kunsthåndværk fra 1550-1650 i Europa*. Ph.d.-avhandling. Aarhus: Aarhus Universitet, 2014.
- Williams, Raymond. *Keywords: a vocabulary of culture and society*. London: Fontana/Croom Helm, 1976.
- Wählberg, Martin. *Opplysningens sorte får. Jean-Jacques Rousseau (1712-1778)*. Oslo: Humanist forlag, 2011.
- Ziolkowski, Jan M. og Michael C.J. Putnam, (red.). *Virgilian Tradition: The First Fifteen Hundred Years*. Yale: Yale University Press, 2011.